



Øystein Gjerde  
Bjørkeneset 10  
5981 Masfjordnes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/678 - 22/7466

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:  
25.09.2022

## Tilbakemelding på søknad om naust og flytebryggje på GBNR 32/96 Bjørkeneset

Det vert synt til søknad om oppføring av naust og flytebryggje på GBNR 32/96, motteke 15.07.2022.

Etter ein gjennomgang av søknad finn Masfjorden kommune at søknaden er mangelfull når det gjeld søknad om flytebryggje. Søknad om naust er komplett og kan handsamast for seg sjølv i påvente av at søknad om flytebryggje vert komplett. Men då ynskjer kommunen ei skriftleg tilbakemelding på at det er ynskjeleg.

Kommunen finn at søknad om flytebryggje har følgjande manglar :

1. Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Bjørkeneset

**Grunngjeving :** Ifølgje punkt 1.7 er det tillatt med 1 flytebryggje på 18 meter lengde innanfor kvar av områda BBS1 og BBS2. Administrasjonen tolkar dette til å vere ei felles flytebryggje for fleire og ikkje ei tildeling av flytebryggje til den fyrste som søker. Såleis vil ei enkel flytebryggje for GBNR 32/96 krevje dispensasjon frå plan.

2. Nabovarsling av søknad om flytebryggje til laget som disponerer småbåtanlegget utanfor formålsområde BBS2.

**Grunngjeving :** Dei er nabo og skal ha høve til å kome med merknader dersom dei opplever at deira interesser vert råka med tiltaket. Viktig for kommunen å få saka best mogeleg opplyst før det vert fatta vedtak i saka.

Saka vert sett på vent inntil kommunen får ei skriftleg stadfesting om å handsama søknad om naust for seg eller å handsama begge tiltaka samla når søknad er komplett.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Kjartan Nyhammer  
landbruksrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**  
Øystein Gjerde

Bjørkeneset 10 5981

Masfjordnes